

Fullmaktsmatrise.

Disposisjonar.	Føretaksmøte.	Styret.	Dagleg leiar.	Grunnlaget for fullmakta.
Økonomi				
Finansiering/låneopptak		Styret godkjenner alle låneopptak innafor rammer fastsett i vedtektene § 12.		Helseføretakslova § 33, jf. vedtektene § 12.
Driftsbudsjett Helse Vest RHF		Styret godkjenner	Dagleg leiar kan omdisponere mellom postar innafor budsjettramma	Helseføretakslova § 28. Styret vedtar at dagleg leiar kan omdisponere mellom postar innafor budsjettramma
Stillingsramme Helse Vest RHF			Dagleg leiar godkjenner	
Investeringsbudsjett Helse Vest RHF		Styret godkjenner		Helseføretakslova § 28
Inntektssystemet og inntektsfordelinga i		Styret godkjenner		Helseføretakslova § 28

helseføretaksgruppa				
Konsernbudsjett		Styret godkjenner		Helseføretakslova § 28
Årsrekneskap og årsberetning	Føretaksmøtet godkjenner			Helseføretakslova § 43, jf. vedtektene § 7
Revisjon	Revisor blir vald av føretaksmøtet som også fastset godtgjersle			Helseføretakslova § 44
Årleg melding til departementet		Styret godkjenner		Helseføretakslova § 34 og vedtektene §15
Saker av vesentleg eller prinsipiell betydning				
Alle saker som blir vurderte å vere av vesentleg eller prinsipiell betydning helsepolitisk, forskningspolitisk, utdanningspolitisk eller samfunnsmessig Saker i helseføretaka som er av vesentleg eller prinsipiell betydning	Føretaksmøtet treffer vedtak	Styret i Helse Vest RHF må også behandle saker i helseføretaka som er av vesentleg eller prinsipiell betydning, og deretter føreleggja saka for departementet		Om ei sak er av vesentleg eller prinsipiell betydning må vurderast konkret i forhold til helseføretakslova § 30. Politisk og samfunnsmessig interesse som saka har og praksis som har etablert seg på området, må også vurderast. Helseføretakslova § 30,2.ledd
Utskiljing av større deler av verksemda. Deltaking i omfattande samarbeid eller vesentlege	Føretaksmøtet treffer vedtak			

endringar i dette. Omfattande endringar i tenestetilbodet.				
Fullmakt for styreleiar i Helse Vest RHF til å representere eigar i føretaksmøte i helseføretak.				
Omfattar alle saker som vert behandla i føretaksmøtet i helseføretaka etter at dei er behandla i styret i Helse Vest RHF.				Helseføretakslova §§ 16 – 18, jf. lovkommentarar i Ot.prp. nr. 66 om helseføretakslova.
Omfattar også saker som ikkje er behandla i styret i Helse Vest RHF, dersom saka er kurant og styret blir underretta snarast råd.				Helseføretakslova §§ 16 – 18, jf. lovkommentarar i Ot.prp. nr. 66 om helseføretakslova
Andre saker der behandlingsmåten er lov- eller vedtektsbestemt				
Sal av sjukehusverksemd.	Departementet førelegg saka for <i>Stortinget</i>	Styret oversender sak med forslag til departementet.		Helseføretakslova § 32, jf. vedtektene § 10.
Sal av faste eigedomar tilhøyrande føretaket	Føretaksmøtet treffer vedtak.	Styret kan treffe vedtak når eigedomen er verdsett til kr. 10mill eller mindre		Helseføretakslova § 31, jf. vedtektene § 11.
Sal av fast eigedom tilhøyrande helseføretak	Føretaksmøtet i Helse Vest RHF må			Helseføretakslova § 31,2.ledd

Sal av fast eigedom tilhøyrande helseføretak verdsett til under 10 mill.	førehandsgodkjenne sal av eigedom til helseføretak	Styret vedtek sal før det blir godkjent i føretaksmøtet til helseføretaket.		Vedtektene til Helse Vest RHF § 11, jf. vedtektene til helseføretaka § 9.
Instruks om forholdet til universitet og høgskular	Føretaksmøtet fastset instruks			Vedtektene § 13
Endring av vedtektene	Føretaksmøtet			Helseføretakslova § 12, jf. vedtektene § 19
Val av styremedlemmer, styreleiar og nestleiar.(Gjeld ikkje tilsettere representantane). Avsetjing av styremedlemmer.	Føretaksmøtet			Helseføretakslova § 21
Val av styremedlemmer, styreleiar og nestleiar i helseføretak.(Gjeld ikkje tilsettere representantane). Avsetjing av styremedlemmer.		Styret gjer vedtak før det blir formell utpeiking i føretaksmøtet til helseføretaket.		
Godtgjersle til styremedlemmane	Føretaksmøtet			Helseføretakslova § 21
Godtgjersle til styremedlemmane i helseføretaka		Styret gjer vedtak før endeleg fastsetting i føretaksmøtet til helseføretaket.		
Årleg eigarstyringsdokument for Helse Vest RHF	Føretaksmøtet			Helseføretakslova § 16
Årleg bestilling til Helse Vest RHF (Oppdragsdokumentet)	<i>Helse- og omsorgsdepartementet</i>			Helseføretakslova § 16
Årleg styringsdokument til helseføretaka i Helse Vest		Styret vedtek styringsdokumentet før det blir fastsett i		Helseføretakslova § 2, jf. § 16 om eigarstyring.

		føretaksmøtet til helseføretaket		
Disponering av midlane i føretaket (overføring av verdier)	Føretaksmøtet besluttar.	Styret foreslår dette		Helseføretakslova § 15
Signaturrett (teikne firmaet)		Styreleiar åleine	Dagleg leiar åleine	Helseføretakslova § 39, jf. delegasjon frå styret til styreleiar
Personal og organisasjon				
Overordna organisasjonsstruktur for føretaket, arbeidsgivarpolitikken og overordna retningslinjer for utøving av personalpolitikken Styreinstruks Instruks for dagleg leiar		Styret godkjenner dette Styret fastset denne Styret fastset denne		Jf. § 28 i helseføretakslova om oppgåvene til styret Etablert praksis innan selskaps- og føretaksretten Helseføretakslova § 29
Tilsetjing, oppseiing, lønsfastsetting Andre personalfunksjonar		Styret tilset dagleg leiar og fastset løna. Styret gjer vedtak om oppseiing, evt. avskjed av dagleg leiar	Dagleg leiar tilset personell i administrasjonen Dagleg leiar utøver desse personalfunksjonane	Helseføretakslova §36 om styret sine oppgåver og § 37 om dagleg leiar sine oppgåver. Helseføretakslova § 37 om dagleg leiar sine oppgåver.
Avtalar.				

Avtalar av stor betydning eller av uvanleg art		Styret godkjenner slike avtalar.		Helseføretakslova § 37 slår fast at dagleg leing ikkje omfattar saker av uvanleg art eller stor betydning
Andre avtalar			Dagleg leiar inngår andre avtalar	
Myndigheitsfordelinga mellom styret og dagleg leiar m.h.t. andre oppgåver.				
Fastsetting av målsettingar for verksemda. Strategiske planar knytt til drift og utvikling av verksemda.		Styret har ansvar for å fastsette/godta dette		Jf. § 28 i helseføretakslova om styret sine oppgåver
Etablering av prosjekt			Dagleg leiar godkjenner etablering av prosjekt	Helseføretakslova § 37 om avgrensinga mellom styret og dagleg leiar si myndigheit
Uttale i høyringssaker.		Styret godkjenner desse i saker som har stor betydning	Dagleg leiar gir uttale i andre saker	Helseføretakslova §37
Retningslinjer i.f.m. drift innan kjernefunksjonar og støttefunksjonar		Styret godkjenner desse i saker som har stor betydning	Dagleg leiar fastset desse i andre saker	Helseføretakslova § 37
Styringssystem		Styret godkjenner desse i saker som har stor betydning	Dagleg leiar fastset desse i andre saker	Helseføretakslova §37
Endringar i tenestetilbodet	Føretaksmøtet må godkjenne alle endringar	Styret godkjenner andre endringar i		Helseføretakslova § 30

	som har vesentleg betydning eller prinsipiell interesse	tenestetilbodet		
Fullmakt for dagleg leiar til å avgjere saker som normalt høyrer under styret si myndigheit.				
Omfattar i prinsippet alle typar saker som høyrer under styret sitt myndigheitsområde.			Dagleg leiar kan avgjere slike saker dersom saka ikkje kan avvente styret si behandling utan vesentleg ulempe for føretaket si verksemd. Styret må underrettast snarast råd.	Helseføretakslova § 37.